

## SAK 29/13 TILSKOT TIL UNGT ENTREPRENØRSKAP

### **Saksopplysing**

”Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” har vore eit prosjekt i Hallingdal frå skuleåret 2006/2007, og det er løyvd midlar t.o.m. skuleåret 2012/2013.

Prosjektet "Entreprenørskap i utdanningen i Hallingdal 2011-13" vart avslutta 31.07.13.

Rapport for skuleåra 2011/12 og 2012/13 er vedlagt, vedlegg 2 og 3.

Ungt Entreprenørskap Buskerud har saman med partnarskapsavtala finansiert ei 40% stilling, der Erna Viken Holvik er tilsett som prosjektleiar.

På regionrådsmøte 30.8.2013 vart det teke opp om det kan vera aktuelt å vidareføre Ungt Entreprenørskap, noko det vart gjeve positive signal til. Det vil vera viktig å få gjort desse avklaringane no, for å gje nødvendige signal om ei eventuell vidareføring til prosjektleiar.

Hallingdal har som einaste region i Buskerud vore tilgodesett med ein 20% ressurs frå Ungt Entreprenørskap Buskerud. Og UE Buskerud er interessert i ei vidareføring fyrst og fremst ut frå at tiltaket blir sett på som svært vellykka i Hallingdal, syner her til vedlegg 1, brev frå Ungt Entreprenørskap, dat. 19.8.2013 og [presentasjon i Regionrådet 30.8.2013](#).

Totale kostnadar har i snitt vore kr 350.000 pr. år for skuleåra 2011/12 og 2012/13.

Finansiering har vore likt fordelt mellom partnarskapsavtala og UE Buskerud. Introduksjonen av valfagmesse for ungdomsskulane i Hallingdal våren 2013 har gjeve noko høgare kostnadar. Ei vidareføring av arbeidet er kostnadsrekna til kr. 410.000 pr. år, sjå vedlegg 4.

UE Buskerud er innstilt på å bidra ved framleis å setja av ein stillingsressurs til arbeidet i Hallingdal.

Det er ynskjeleg å halde fram med arbeidet i ei treårsperiode, der følgjande arbeidsområde er vurdert som viktige:

- *Plan for entreprenørskap i grunnskolen i alle kommunene, der det er nedfelt hvilke aktiviteter som skal være på de ulike nivåene i barneskolen og ungdomsskolen.*
- *Forpliktende avtaler/partnerskapsavtaler og samarbeid med lokalt næringsliv bør knyttes opp mot dette.*

Følgjande aktivitetar er ynskjeleg å legge inn i kommunane sine entreprenørskapsplanar:

- *Vårt Lokalsamfunn - 4.trinn*
- *Smart - 6.-7.trinn*
- *Økonomi og karrierevalg - 8.trinn*
- *Jobbskygging/bli kjent med kommunen din - 8.trinn*
- *Innovation Camp/Elevbedrift i 9.-10. trinn*
- *Evt. Grundercamp med fokus på kortreist mat/lokale råvarer - 9.trinn*
- *Valgfagsmesse for 8.-10. trinn*

Det blir lagt opp til å vidareføre /bygge på aktivitetar som er i gang.

I brev frå Ungt Entreprenørskap, dat. 19.8.2013, vedlegg 1, blir det det gjort nærmere greie for eventuell finansiering via regionale utviklingsmidlar. I utgangspunktet skal desse midlane brukast til aktivitet av begrensa varigheit. Dette kunne vore ei utfordring, i forhold til å finansiere UE sitt kontinuerlege arbeid mot skulene med desse midlane. For å løyse problemet, vart det sendt ut ei presisering i samband med tildelingsbrev for Regionale utviklingsmidlar i 2011. Her står det m.a:

*For Ungt Entreprenørskap i det einskilde fylke, kan fylkeskommunane dekkje alle typar kostnader knytt til drift og aktivitetar i Ungt Entreprenørskap sine programperiodar."*

Med denne presiseringen syner KRD at dei regionale utviklingsmidlane kan nyttast til å finansiere UE sitt arbeid.

### **Vurdering**

Arbeidet med Ungt Entreprenørskap sine undervisningsprogram er forankra i regjeringa sin Strategiplan 2004-2008 og Handlingsplan 2009-2014, for entreprenørskap i utdanninga som Kunnskapsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet står bak. Ungt Entreprenørskap blir framheva som ein viktig aktør i arbeidet med å nå planen sine mål. Det er og tverrpolitisk semje om å satse på entreprenørskap i utdanninga i Norge - på alle utdanningsnivå.

I "Strategi for Kunnskapsskolen i Buskerud", blir "Entreprenørskap" trekt fram som eksempel på læringsstrategi under "Læring for fremtiden". Tiltaket er og i tråd med Strategisk plan for Hallingdal i forhold til både rekruttering og bulyst.

I denne samanheng kan det vera på sin plass å sitere fra Kommunal- og Regionaldepartementet si grunngjeving for satsing på Ungt Entreprenørskap.

*"Entreprenørskap er viktig for å utnytte ressursene til folk, skape attraktive arbeidsplasser der folk bor og øke verdiskapningen. Departementet legger særlig vekt på å stimulere til entreprenørskap blant unge og ser på entreprenørskap i utdanningen som en hovedstrategi for dette. UEs arbeid er viktig for å styrke entreprenørskapskulturen i hele landet. Ved å aktivisere barn og unge i lokalsamfunnet bygges lokal identitet og engasjement. UE skal bidra til regional utvikling ved å gjøre barn og unge kjent med lokalt arbeids- og næringsliv og muligheter i eget lokalmiljø og ved å skape interesse for selv å etablere arbeidsplasser eller finne arbeidsmuligheter i eget distrikt etter endt utdanning. Entreprenørskap i utdanningen skal derfor gjennomføres i hele landet og tilpasses lokale og regionale utfordringer, hvor eksisterende arbeidsplasser tas i bruk som læringsarenaer. Det er et mål at elever og studenter får et godt undervisningstilbud uavhengig av hvor de bor i landet."*

Nasjonale styresmakter vurdera UE sitt arbeid først og fremst som langsigktig regionalutvikling og næringsutvikling - med utdanningssystemet som arena for dette arbeidet.

Det kan vera vanskeleg å måle effektar av til tak som Ungt Entreprenørskap. Men i 2011 [evaluerte Nordlandsforskning og Kunnskapsparken i Bodø](#) staten sitt tilskot til Ungt Entreprenørskap.

Evalueringa syner ein solid organisasjon som med relativt få tilsette når ut til svært mange elevar og studentar. Evalueringa syner at Ungt Entreprenørskap tilbyr ei stor mengde program med høg kvalitet. Organisasjonen er slank og veldrive i høve til storleiken på tilskotet og talet på elevar organiasjonen når.

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskapa ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov.

Entreprenørskap kan vera eit stikkord og det er viktig å tenke prosesjon, der elevar kan få høve til å arbeide med entreprenørskap på ulike trinn i utdanningslopet. Etter dagleg leiar sitt syn er målet med å utvikle kreativiteten, skapargleda og trua på seg sjølv hjå barn og ungdom, eit av dei viktigaste fundamenta i ein aktiv distriktpolitikk. I forhold til partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og Strategisk plan for Hallingdal er dette type tiltak som passar godt inn i satsingsområda. Med bakgrunn i det dei resultat og erfaringar som blir gjort i Hallingdal er dette eit tiltak som absolutt bør halde fram.

Modellen med ei 40% stilling for Hallingdal har synt seg å vera ei god organisering. Etter dagleg leiar sitt syn er det liten tvil om at ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” er eit godt tiltak som er positivt motteke i skulane. Det er skapt stort engasjement og aktivitetane som skjer i Hallingdal blir lagt merke til også på nasjonalt hold i Ungt Entreprenørskap. I tillegg har det vore avgjerande med ein prosjektleiar med driv og evne til å skapa engasjement. Ungt Entreprenørskap i Hallingdal kan syne til gode resultat og har eit aktivitetsnivå i skulane som er det dobbelte av gjennomsnittet i fylket.

### **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vurdera ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” som eit vellykka tiltak, som blir vidareført i 3 nye år, frå hausten 2013, med ein stillingsressurs på 40%.
2. Av ei kostnadsramme på kr 410.000 pr. år i tre år, totalt kr. 1.230.000, dekkjer UE Buskerud 50% av kostnadane.
3. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd tilskot tilsvarende 50% av kostnadane, totalt inntil kr. 615.000.
4. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2013.

Ål 21.9.2013

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Brev frå Ungt Entreprenørskap, dat. 19.8.2013
2. Rapport 01.08.12 – 30.06.13 – Grunnskule Hallingdal
3. Rapport 01.08.11 – 30.06.12 – Grunnskule Hallingdal
4. Brev frå Ungt Entreprenørskap, dat. 22.9.2013

Regionrådet i Hallingdal  
Torget 1  
3570 Ål

Drammen 19.08.13

## ENTREPRENØRSKAP I UTDANNINGEN I HALLINGDAL

Prosjektet "Entreprenørskap i utdanningen i Hallingdal 2011-13" ble avsluttet 31.07.13.  
Rapport for skoleårene 2011/12 og 2012/13 er vedlagt.

### VIDERFØRING AV ARBEIDET

Rapporten for 2012/13 avsluttes med tanker om videre arbeid, noe vi tror er viktig – både for å videreutvikle entreprenørskapsarbeidet i skolene, men også for å vedlikeholde det som er bygd opp. Modellen med en 40% stilling plassert i regionen - og som dekker skolene i regionen har vist seg å være en god organisering. Det har vært avgjørende for å skape de gode resultatene Hallingdal kan vise til. Som vedlagte oversikt viser, har det gitt et aktivitetsnivå i skolene i Hallingdal som er det dobbelte av det gjennomsnittlige i fylket.

### FORANKRING AV ARBEIDET

Arbeidet med Ungt Entreprenørskaps undervisningsprogrammer er forankret i regjeringens Strategiplan 2004-08 og Handlingsplan 2009-14 for entreprenørskap i utdanningen som Kunnskapsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet står bak. Ungt Entreprenørskap fremheves her som en viktig aktør i arbeidet med å nå planenes mål.

Det er tverrpolitisk enighet om å satse på entreprenørskap i utdanning i Norge - på alle utdanningsnivåer:

- I Soria Moria-erklæringen står det at regjeringen vil: "at elevane skal få være med i elevbedrifter, oppsøkje læringsarenaer utanfor skoleporten og ha entreprenørskap inn som ein del av grunnopplæringa i skolen"
- I St.melding 25 (2008-09)"*Lokal vekstkraft og fremtidstru; Om distrikts- og regionalpolitikken*", blir behovet for entreprenørskap generelt og entreprenørskap i utdanning spesielt understreket i regionalpolitisk sammenheng.

- I St.melding 7 (2008-09) : "Innovasjonsmeldingen", understrekkes tydelig at myndighetene påvirker tilgangen på skapende mennesker gjennom utdanningssystemet og ved å legge til rette for en kultur for kreativitet og entreprenørskap i samfunnet.
- Karlsenuutvalget sier at bruk av Ungdomsbedrift er en metode som har vist seg å være veldig viktig for å bedre yrkesrettingen og derfor bør tas i bruk i større grad enn i dag. Utvalget foreslår at alle skoler bør ha tilbud om Ungdomsbedrift.
- Stortingsmelding 22 (2010-11) "Motivasjon-Mesting-Muligheter" for Ungdomstrinnet fremhever entreprenørskap som arbeidsmåte for innlæring av fag, grunnleggende ferdigheter og sosial kompetanse.
- "Strategi for Kunnskapsskolen i Buskerud", behandlet i Hovedutvalget for utdanningssektoren, BFK 18.06.13 . "Entreprenørskap" trekkes frem som eksempel på læringsstrategi under "Læring for fremtiden".

Med bakgrunn i regjeringens handlingsplan mottar Ugt Entreprenørskap statlig støtte hovedsakelig fra NHD og KRD (KD bidrar i tillegg med et mindre beløp). Dette er begrunnelsene:

#### Nærings- og Handelsdepartementet

*"Å legge til rette for entreprenørskap og nytablering er avgjørende for nyskaping og økonomisk vekst. Det er i den sammenhengen viktig å skape en kultur for entreprenørskap der samfunnets holdninger til entreprenører støtter opp om privat engasjement og den enkeltes evne til å skape ny virksomhet. Et sentralt virkemiddel for å skape en god entreprenørskapskultur er å satse på entreprenørskap i utdanningen. Gjennom utdanningsløpet tilegner den enkelte elev og student seg holdninger og ferdigheter som bidrar til å utvikle samfunnet videre."*

#### Kommunal- og Regionaldepartementet

*"Entreprenørskap er viktig for å utnytte ressursene til folk, skape attraktive arbeidsplasser der folk bor og øke verdiskapningen. Departementet legger særlig vekt på å stimulere til entreprenørskap blant unge og ser på entreprenørskap i utdanningen som en hovedstrategi for dette. UEs arbeid er viktig for å styrke entreprenørskapskulturen i hele landet. Ved å aktivisere barn og unge i lokalsamfunnet bygges lokal identitet og engasjement. UE skal bidra til regional utvikling ved å gjøre barn og unge kjent med lokalt arbeids- og næringsliv og muligheter i eget lokalmiljø og ved å skape interesse for selv å etablere arbeidsplasser eller finne arbeidsmuligheter i eget distrikt etter endt utdanning. Entreprenørskap i utdanningen skal derfor gjennomføres i hele landet og tilpasses lokale og regionale utfordringer, hvor eksisterende arbeidsplasser tas i bruk som læringsarenaer. Det er et mål at elever og studenter får et godt undervisningstilbud uavhengig av hvor de bor i landet."*

Nasjonale myndigheter vurderer UEs arbeid først og fremst som langsiktig regionalutvikling og næringsutvikling - med utdanningssystemet som arena for dette arbeidet.

## REGIONALE UTVIKLINGSMIDLER OG UNGT ENTREPRENØRSKAPS ARBEID

Regionale utviklingsmidler har vært en viktig kilde til fylkesvis finansiering av UEs arbeid i hele landet (UE har selvstendige foreninger i alle fylker og finansieres i stor grad lokalt). I utgangspunktet skal disse midlene brukes til aktivitet av begrenset varighet, og støtte avhenger av årlige tildelinger fra departementet til fylkene. Dette gjorde det etter hvert utfordrende å finansiere UEs kontinuerlige arbeid mot skolene med disse midlene. For å løse problemet, ble det sendt ut en presisering til alle fylkeskommuner sammen med tildelingsbrev for Regionale utviklingsmidler i 2011:

*"Ungt Entreprenørskap*

*For Ungt Entreprenørskap i det einskilde fylke, kan fylkeskommunane dekkje alle typar kostnader knytt til drift og aktivitetar i Ungt Entreprenørskap sine programperiodar."* (Tildelingsbrev fra KRD til BFK for 2011, s.11)

Med denne presiseringen viser KRD at de Regionale utviklingsmidlene

1. kan brukes til å finansiere UEs arbeid uansett art
2. det er mulig å gi tilslagn for flere år av gangen

## KOSTNADER FOR ARBEIDET I HALLINGDAL

Totale kostnader har i snitt vært kr 350 000 pr år for skoleårene 2011/12 og 12/13.

Finansiering har vært likt fordelt mellom Regionrådet og UE Buskerud. Introduksjonen av valgfagmesse for ungdomsskolene i Hallingdal våren 2013 har gitt noe større kostnader i 2. år av prosjektet enn 1. år. Dersom man ønsker å videreføre arbeidet er det naturlig å budsjetttere med totalt kr 400 000 pr. år (regionrådets andel er da. kr 200 000 årlig med samme finansieringsmodell).

UE Buskerud er innstilt på å bidra ved fortsatt å avsette en stillingsressurs til arbeidet i regionen.. Vi håper erfaringene lokalt også er så gode at det er ønske om å fortsette arbeidet.

Hilsen

Erlend Eggen  
 Daglig leder, UE Buskerud

**Ungt entreprenørskap Buskerud, avd. Hallingdal**

v/Erna Viken Holvik  
Lienvegen 64  
Hol ungdomsskole  
3580 Geilo

**Rapport 01.08.12 – 30.06.13 – Grunnskule Hallingdal**

**Aktivitetar**

**Økonomi og karrierevalg (8. kl)**

Økonomi og karrierevalg har i vår vore gjennomført slik:

Flå skole: i samarbeid med Dnb Nor Gol, gjennomført for 8. og 9.klasse, høst 2012

Hemsedal barne- og ungdomsskule i samarbeid med Sparebank 1 Hallingdal, 1 stor klasse

Hol ungdomsskule i samarbeid med Hol sparebank, 3 klassar

Gol ungdomsskule i samarbeid med DnB NOR, avd. Gol, 2klassar

Nes ungdomsskole i samarbeid med Nes prestegjeld sparebank, 9.trinn, 2 klassar

I forkant av gjennomføringa blei det arrangert informasjon - og samarbeidsmøte med instruktørar og lærarar. Deltakarane vart kursa i programmet og planar for gjennomføringa blei lagt, oppgåver og ansvar fordelt, slik at lærarane blir sterke involvert i det som skal gjennomførast. Nes hadde ikkje behov for informasjonsmøte i år, sidan både instruktør og lærarar hadde gjennomført dette tidlegare.

**ELEVBEDRIFT**

**Hol USK, og Gol USK** har gjennomført elevbedrift for alle elevar i 9.klasse hausten 2012.

**Ål USK** har gjennomført elevbedrift for alle elevar i 10.klasse i desember 2012. Ål USK har i år hatt inn fleire samarbeidspartnerar i idé- og oppstartfasen av elevbedrift. Bl.a. Sparebank 1, Hallingdal etablerersenter og gründer Tor Jo Meyer.

Dei avslutta med utstilling , salg og presentasjon på foreldremøte.

Hol ungdomsskole har gjennomført si årlige Innovation camp veke og avslutta med presentasjon og utstilling for eit stort frammøtt publikum. Jury kåra 6 ulike prisar. Premiar frå lokalt næringsliv.

Ordførar delte ut gåvekort frå kommunen, 500kr til kvar av medlemmene i vinnargruppa for mest innovative idé

Flå skole og Hol USK driv kantine som elevbedrift, dette går heile skuleåret.

I tillegg har Hol USK starta elevbedrifter i 8.klasse valgfag og i Arbeidslivsfag både 8. og 9.klasse, desse bedriftene går heile året.

Ved Hol ungdomsskule har 8.og 9.klasse-elevane i Arbeidslivsfag også drive elevbedrift gjennom året. I tillegg har elevar i valgfaget «produksjon av varer og tjenester» drive elevbedrift.

### INNOVATION CAMP 2012-13

Hol og Flå har delteke i Innovation camp denne hausten, og begge har kvalifisert seg til fylkesfinalen.

Det er «**Flyt med oss**» frå Flå skole og «**Livslyst**» frå Hol ungdomsskole.

Hemsedal barne- og ungdomsskule var også med på «Se mulighetene» og gjennomførte på eigen skule, men valde å ikkje melde på lag i konkurransen.

Nes ungdomsskole gjennomførte også tilsvarande.

#### Kursing av rettleiarar

Ved oppstarten av Innovation camp gjennomfører skulane «Se mulighetene» Ein rettleiar frå lokalt næringsliv har gjennomført 2t i kvar klasse som oppstarten av programmet. Desse rettleiarane har fått opplæring på førehand.

I år stilte Ola Lien i Hemsedal, Hugo Limkjær i Hol og Georg Grimeli i Flå.

#### **«Livslyst» vann fylkesfinalen! (12 lag i finalen)**

#### **«Flyt med oss» nr 3.**

Super innsats av hallinglaga også i landsfinalen «**Gjensidigeprisen – Årets sosiale entreprenør 2013**», sjølv om dei ikkje nådde opp blant dei 3 beste i ein svært jamn konkurranse med høgt nivå.

### KURSARRANGEMENT FOR LÆRARAR

#### **Innovation camp**

Kurs for lærarar på Flå den 14.september

15 påmelde. Deltakarar frå Hol, Hemsedal, Flå, Nordre Modum, Hole, Krøderen, Sigdal og Hov.

Informasjon om Innovation camp, samarbeidsøvingar, kreative øvingar med fokus på idéutvikling og presentasjon. Idéar til gjennomføring på eigen skule.

#### **Valgfag - elevbedrift**

Utarbeida nytt kurs for lærarar i samarbeid med Jeanette Wærsted.

Tema: «Hvordan drive elevbedrift i valgfagene «Produksjon av varer og tenester» og «Design og redesign»

Hadde kurs for lærarar i på Sole 4.juni. Brit Haraldsen og Einar Korbøl frå Grue barne-og ungdomsskule hadde ansvar for «Design og redesign» 30 deltakarar frå heile Buskerud fylke

Svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

#### **Samarbeid skule – næringsliv**

Gjennom heile perioden frå 2006 har eg jobba bevisst for å få til faste avtalar, partnerskapsavtalar mellom ungdomsskular og bedrifter. I hausthalvåret har eg jobba for å fornye nokre av desse, for å få med nye oppgåver og samarbeidsområder. Ved at kvar skule har faste avtalar med bedrifter vil dei ha fleire samarbeidspartnerar å spele på når dei treng mentor, dommarar, foredragshaldarar, inspiratorar o.l til gjennomføring av UE sine ulike program.

#### **Jobbskygging (8.kl)**

Flå, Hemsedal, Hol, Nes og Gol har gjennomført jobbskygging for alle elevane i 8.klasse, dvs. at ein elev fylgjer ein yrkesutøvar ein arbeidsdag for å finne ut mest mogeleg om dette yrket. For- og etterarbeid med presentasjon av yrket for klassen.

**Jobbavis (9.kl)**

Gol, Hol og Nes har laga jobbavis med utlyste jobbar som elevane kan søkje på. (i samband med PRYO - veke). Opplæring i å skrive jobsøknad og CV. Gjennomfører intervju i bedriftene. Tilsetting og jobbpraksis i pryoveke. Etterarbeid med presentasjon.

**Vårt lokalsamfunn (VL)**

I alle kommunane der Vårt lokalsamfunn har vore gjennomført no i vår, så har det vore arrangert eit informasjons- og samarbeidsmøte med instruktørar og lærarar der programmet har vore gjennomgått og tidsplan for gjennomføringa sett opp. På denne måten er både instruktørar og lærarar førebudde på opplegget og skulen og lærarane involvert i gjennomføringa.

**Ål kommune:**

Ordførar Ivar Brevik, og Reidun Aaker, leiar i Utviklingsavdelinga i Ål kommune og næringslivskonsulent i Ål kommune og Are Fosse var instruktørar.

Elvar ved Nedre Ål skule, Torpo og Leveld skule deltok

Avslutta med besøk til ordføraren, omvising på kommunehuset og utdeling av kursdiplom.

**Hol kommune:**

Ordførar Tony Kjøl, rådgjevar Espen Bille Larsen frå Samfunnsavdelinga i Hol kommune var instruktørar i kvar sin 4.klasse ved Geilo skule.

Dei andre barneskulanane i kommunen gjennomfører Vårt lokalsamfunn annakvart år.

Avslutning på kommunehuset med framføring av rollespel.

**Nes kommune**

4A og 4B ved Nes barneskule fekk besøk av

Per Rune Andersen, utvalgsleder skole, oppvekst og kultur. Avslutning med besøk på kommunehuset.

**Flå kommune**

Ordførar Tor Egil Buøen var instruktør i 4.klasse.

Avslutning med rollespel på kommunehuset.

**Hemsedal kommune**

Ordførar Oddvar Grøthe var instruktør i 4.klasse både på Ulsåk skule og på Tuv oppvekstsenter

Avslutning med rollespel på kommunehuset.

**Gol kommune:**

Ordførar Hallvor Lilleslett, varaordførar Hanne Brunborg og formannskapsmedlem Dag Wollebæk var instruktørar i kvar sin 4. klasse. Gol og Herad skule deltok

Avslutning med rollespel på kommunehuset.

### **MESSEDAG VALFAG**

12.april arrangerte blei det arrangert messedag valgfag på Geilo samfunnshus for elevar på 8.trinn. Alle ungdomsskulane unnateke elevane frå Nes ungdomsskule deltok.

Turistsjef i Hol kommune, Pål Medhus opna messa.

Elevane visste fram på stand kva dei hadde jobba med i valgfaga Teknologi i praksis, Design og redesign og Produksjon av varer og tjenester. Ål-elevar frå valgfaget «Sal og scene» viste deler av ei forestilling frå scena for alle frammøtte og elevar frå Gol USK i valgfaget «Produksjon av informasjon» produserte forløpende bilder og tekst frå messedagen.

I Geilohallen var det demonstrasjon og utprøving av ulike aktivitetar. Dette stod elevar i valgfaget «Fysisk aktivitet og helse» for.

Jury frå lokalt næringsliv kåra vinnarar i ulike kategoriar og 8 premiar à 1000kr blei delt ut.

Hol sparebank og Sparebank 1, avd. Ål sponsa premiane.

Slike arrangement gjev både elevar og lærarar inspirasjon og idéar tilo vidareutvikling i faga.

### **Gründercamp**

Arrangerte Gründercamp på Nesbyen 14.juni i samarbeid med Hallingdal museum og Gol vg.skule.

Elevar på 9.trinn ved Gol ungdomsskule og Hemsedal barne-og ungdomsskule deltok, 100 elevar.

Campen er ei oppfølging av prosjektet «Frå kokegrop til mikrobølgeovn» som blir gjennomført i faget mat og helse. Oppgåva elevane fekks var å lage og presentere ein tapasrett med røykt fisk og ein tapasrett med spekeskinke ( i 5 eksemplar), der kvar tapasrett skulle innehalde minst 2 lokale/kortreiste matvarer.

Elevane fekk rettleiing i 2 omgangar, før dei presenterte endeleg resultat.

Rettleiarar frå Hallingdal museum, Hallingkost, Highland hotel, Dr.Holms hotel og Gol vg.skule. Ein jury frå lokalt næringsliv kåra vinnarane. Premierung av dei 3 beste.

Råvarer var bl.a.

- Ost frå Himmelspannet/Hemsedal og Jakobspllass i Skurdalen
- Lefser og gommokaker frå Leveld lefsebakeri
- Fisk og kjøt frå «Tamt og vilt» Hemsedal
- Kjeks og knekkebrød frå Økogarden, Ål
- Flatbrød frå Hemsedal flatbrødbakeri
- Vatn frå «Hemsedal kildevann»

Bama på Gol sponsa frukt, bær og grønnsaker.

Dette var eit arrangement som deltakarane gjerne ville ha også neste år. Alle ungdomsskulane var inviterte, men pga kollisjon med andre aktivitetar var kun 2 skular påmeldt. Fleire har meldt interesse. Hallingdal museum på Nesbyen var ein flott stad å ha arrangementet på.

### **Sikk Sakk Europa**

Delteke i entreprenørskapsveke på vang skole, Ringerike.

6A og 6B gjennomførte Sikk Sakk Europa. Deltok i planlegging med lærarar og oppstart av programmet med elvane. Kontaktlærarane stod for gjennomføringa.

Gode tilbakemeldingar frå lærarane.

**Sluttkommentar og tankar kring arbeidet framover.**

Det har etterkvart blitt kultur for å drive entreprenørskap i skulane i Hallingdal.  
Alle 4.klasseeelvar deltek i programmet «Vårt lokalsamfunn» og alle ordførarar har stilt som instruktørar. Trur ikkje det er andre regionar i landet som kan skilte med det!

Vi har også jobba fram nye arrangement som blir brukt som mal andre stader, bl.a. kurs for lærarar i valgfag og arbeidslivsfag, grundercamp med fokus på lokalprodusert/kortreist mat og messedag valgfag. Dette har skapt mykje aktivitet.

Elevar frå Hallingdal har markert seg sterkt i Innovation camp dei 2 siste åra, både i fylket og nasjonalt.

Det er viktig at dette arbeidet held fram, og det må vere ein person som trekkjer i trådane og har ansvar for å fylgje opp.

Kvar kommune bør ha sin eigen plan for entreprenørskap i utdanninga, der dei ulike aktivitetane er nedfelte. Dette er eit arbeid som ikkje har vorte prioritert, sidan prosjektansvarleg har valt å få til mest mogeleg elevaktivitet.

Det er også eit ynskje å få gjennomført programmet «Smart» på barneskulane, i 6.-7.klassessteg. Då vil ein få ein naturleg progresjon med VL i 4.klasse, Smart i 6/7klasse, Ø&K i 8.klasse, Innovation camp og elevbedrift i 9.klasse.

Geilo 16.august 2013

Erna Viken Holvik

## Ungt entreprenørskap Buskerud, avd. Hallingdal

v/Erna Viken Holvik  
Lienvegen 64  
Hol ungdomsskole  
3580 Geilo

## Rapport 01.08.11 – 30.06.12 – Grunnskule Hallingdal

### Aktivitetar hausten 2011

#### Økonomi og karrierevalg

I vårhalvåret gjennomførte Hol, Hemsedal og Gol økonomi og karrierevalg i 8.klasse.  
DNB Nor, avd. Gol v/Sølv Listøen gjennomførte på Flå skole i november 2011.  
På Nes USK har ikkje Ø & K vore gjennomført dei to siste åra, pga av endringar i banken.  
Hatt møte med Nes Prestegjeld sparebank og Nes USK, og gjennomføring er planlagt i veke 7 2012 for 9.trinn.

#### ”Se mulighetene og gjør noe med det”- INNOVATION CAMP (9.kl)

Innovation Camp hadde i 2011 fokus på **sosialt entreprenørskap**.  
Gol, Nes, Flå og Hol deltok.

#### Se mulighetene

Lokale gründerar vart brukte som inspiratorar og igangsettalar på den einskilde skule, etter å ha blitt kursa i programmet ”Se mulighetene”. Fylgjande personar gjennomførte eit 2-timars opplegg med 9.klasse i sin heimkommune.

Gol: Mona Norhaug Faleide, ”RKF” (61 elevar)

Nes: Hans Tandberg, ”Nesbyen Golf Alpin” (56 elevar)

Hol: Hugo Limkjær, daglig leder Hallingplast (61 elevar)

Flå: Nils Røkkum, daglig leder Novema (12 elevar)

#### Lærarkurs

Det blei arrangert kurs for 24 lærarar på Flå 16.september.

Lærarar frå Hallingdal, Midtfylket og Ringerike deltok. Fokus var: sosialt entreprenørskap, idéutvikling, kreativitet, samarbeid, nettverksbygging og samarbeid med lokalt næringsliv. I etterkant av kurset gjennomførte lærarane idéutviklingsprosess med elevane på eigen skule. Kurslærarar: Jeanette og Erna

#### Mellomrunde – Innovation camp, Hønefoss 24.11.2012

Dei beste idéane gjekk vidare til mellomrunden på Hønefoss. (2 frå Gol og Hol, 2 frå Nes og 1 frå Flå).

Nytt opplegg på mellomrunden der elevane fekk rettleiing av representantar frå næringslivet. 2 runder med speeddate. Informasjon om elevbedrift, forretningsplan, registrering, finale og

designworkshop.

Fra Hallingdal stilte Hugo Limkjær fra Hallingplast, Trond Ask Henriksen fra Hallingdal etablerersenter, Maaike Wisser fra Lydfarge og Lars Riise fra Gol kommune.

I tillegg rettleiarar frå Midtfylke og Ringerike.

Presentasjon for jury på slutten av dagen.

Juryen nominerte dei 4-6 beste, men det blei ikkje offentleggjort.

I etterkant av mellomrunden sende elevane inn forretningsplan og registrerte bedriftene på [www.ue.no](http://www.ue.no).

Forretningsplan vart vurdert opp mot presentasjon på Hønefoss.

3 grupper frå Hallingdal, 2 frå Hol og 1 frå Nes gjekk vidare til Designworkshop og finale i Drammen 2012.

Det nye opplegget har resultert i at elevgruppene har jobba meir med idéane sine, og fleire har sett dei ut i livet.

Samstundes har fleire elevbedrifter blitt registrert.

### **Utvila innovation camp/elevbedrift (9.kl)**

Hol ungdomsskole arrangerte for 6.gong sin årlege Innovation camp.

I staden for å bruke ei intensiv veke, så brukte dei denne hausten heile dagar over ein lengre periode. Tema var sosialt entreprenørskap

Twintipkøyrar Andreas Håtveit besøkte skulen og hadde fokus på merkevarebygging og marknadsføring. Bjørn Dreyer frå Brødrene Øyo hadde forelesning om Produktutvikling.

Avslutning med presentasjon frå scene og stand på open kveld den 2.desember 2012.

Jury var samansett av representant frå NHO Buskerud, Hol kommune, Geilo Parfymeri/ gGeilo Røde kors og Hallingplast. Kåring av 5 ulike prisar i tillegg til publikumspris.. Hol kommune v/ varaordførarar delte ut gåvesjekk på kr.500,- til kvar av medlemmene i vinnargruppa for den mest innovative idén.

### **Elevbedrift (9. og 10.kl)**

Gol ungdomsskule gjennomførte elevbedrift i november med alle elevane i 9.klasse.

Totalt 12 bedrifter.

Ål USK hadde elevbedrift med sine 10.klassingar i slutten av desember. Bedriftene vil bli registrerte i 2012.

Flå har kantine som elevbedrift. Denne går over heile året. 9.klasse har ansvar for denne, både produksjon, sal, marknadsføring og økonomi.

Ved Nes USK har dei 2 bedriftene som deltok i mellomrunden på Innovation camp registrert seg.

### **Grundercamp, Ål 21. september**

Gol og Ål vg.skule arrangerte saman med UE Buskerud grundercamp for elevar på Restaurant og matfag og service og samferdsel.

Tema var kortreist mat og opplevelingar knytte til dette.

Presentasjon av Småskalaprodusentar og deira produkt.

Rettleiarar frå lokalt næringsliv deltok, bla. Hallingdal etablerersenter, Mattilsynet og Fagerdalen støl.

Premiar frå Sparebank 1 Hallingdal og Bohus til dei 2 beste gruppene.

### **Utarbeidning av læreplan i valgfag**

Har sidan august 2011 delteke i arbeidsgruppe for utarbeiding av læreplan i det nye valgfaget: «Produksjon av varer og tjenester». Fleire samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet og skriftleg arbeid i mellom samlingane har teke tid.

Læreplanen blei lagt ut til høyring i desember 2011.

Det skal også utarbeidast veilederhefte, og dette arbeidet startar i januar 2012.

## **Aktivitetar 1.halvår 2012**

### **Økonomi og karrierevalg (8. kl)**

Økonomi og karriereval har i vår vore gjennomført slik:

Hemsedal barne- og ungdomsskule i samarbeid med Sparebank 1 Hallingdal, 1 stor klasse elevar) og 2 instruktørar frå banken.

Hol ungdomsskule i samarbeid med Hol sparebank, 2 klassar og 4 instruktørar frå banken.

Gol ungdomsskule i samarbeid med DnB NOR, avd. Gol, 2klassar

Nes ungdomsskole har gjennomført for både 9. og 10.klasse, 2 klassar pr. årssteg.

I forkant av gjennomføringa blei det arrangert informasjon - og samarbeidsmøte med instruktørar og lærarar. Deltakarane vart kursa i programmet og planar for gjennomføringa blei lagt, oppgåver og ansvar fordelt, slik at lærarane blir sterkare involvert i det som skal gjennomførast. Gol og Flå hadde ikkje behov for informasjonsmøte i år, sidan både instruktør og lærarar hadde gjennomført dette tidlegare.

### **Jobbskygging (8.kl)**

Flå, Hemsedal, Hol, Nes og Gol har gjennomført jobbskygging for alle elevane i 8.klasse, dvs. at ein elev fylgjer ein yrkesutøvar ein arbeidsdag for å finne ut mest mogeleg om dette yrket. For- og etterarbeid med presentasjon av yrket for klassen.

### **Jobbavis (9.kl)**

Gol, Hol og Nes har laga jobbavis med utlyste jobbar som elevane kan søkje på. (i samband med PRYO - veke). Opplæring i å skrive jobbsøknad og CV. Gjennomfører intervju i bedriftene. Tilsetting og jobbpraksis i prøveke. Etterarbeid med presentasjon.

### **Elevbedrift**

Viser til rapport for haust 2011, med reigstrte elevbedrifter for alle elevar i 9.klasse ved Gol og Hol ungdomsskule.

Ål USK hadde elevbedrift med sine 10.klassingar i desember, desse blei registrert i 2012, totalt 20 bedrifter.

Flå skole driv kantine som elevbedrift heile året, og her deltek alle elevane i 9.klasse. Avslutta mai 2012. Ved Hol ungdomsskule har 8.klasse-elevane i Arbeidslivsfag også drive elevbedrift, (kantine og ulike aktivitetar) gjennom året.

## INNOVATION CAMP 2011-12

Viser til rapport fra hausten 2011.

3 lag frå hallingdal kvalifiserte seg til fylkesfinalen i Drammen den 6.april.

Nes ungdomsskule med «**Nes tradissjonssenter**»

Hol ungdomsskule med: «**Jabbawokids**» og «**Jenter på brett**»

**«Jenter på brett» vann fylkesfinalen!** Og blei dermed kvalifisert til «Årets Gjensidighetspris» for soiale entreprenørar.

«Jabbawokids» bli også invitert dit, sidan dei andre laga i fylkesfinalen ikkje hadde sett idéane sine ut i livet.

### «Jabbawokids» nr 2 i landsfinalen!

God pressedekning i Hallingdølen, Radio Hallingdal og Epostavisen.

#### Vårt lokalsamfunn (VL)

I alle kommunane der Vårt lokalsamfunn har vore gjennomført no i vår, så har det vore arrangert eit informasjons- og samarbeidsmøte med instruktørar og lærarar der programmet har vore gjennomgått og tidsplan for gjennomføringa sett opp. På denne måten er både instruktørar og lærarar førebudde på opplegget og skulen og lærarane involvert i gjennomføringa. Etter kommunevalget i 2011 er det komne nye ordførarar og varaordførarar i 3 av Hallingdalskommunane, og dermed mange nye instruktørar.

#### Ål kommune:

Ordførar Ivar Brevik stilte som instruktør på Leveld skule, 3+ 4.klasse, og Reidun Aaker, leiar i Utviklingsavdelinga i Ål kommune var instruktør på Skattebøl skule, 4.klasse. Nærinslivskonsulent i Ål kommune, Are Fosse var instruktør på Nedre Ål skule, 4.klasse. Avslutta med besøk til ordføraren, omvising på kommunehuset og utdeling av kursdiplom.

#### Hol kommune:

Ordfører Tony Kjøl var instruktør i 4 B på Geilo skole og rådgjevar Espen Bille Larsen frå Samfunnsavdelinga i Hol kommune var instruktør i 4 A på Geilo skole. Rådgjevar i Samfunnsavdelinga Grete T. Fosshagen var instruktør på Dagali og Skurdalen oppvekstsenter, 4-6.klasse. Miljøvernleder Kjell Mykkeltvedt var instruktør ved Hovet skule, 3+ 4.klasse. Leiar i teknisk hovudutval, Inger Brit Vindegg var instruktør ved Holet skule, 4.+ 5.klasse. Framføring av rollespel på kommunehuset, omvising og utdeling av attestar.

#### Nes kommune

Ordførar Tor Oscar Magnussen Grete Eli Berge var instruktør i 4A på Nes barneskole og utvalgsleder for skole, kultur og oppvekst, per Andersen var instruktør i 4B på Nes barneskole. Avslutning på kommunehuset, rollespel og «spørretime» med elev som ordførar.

#### Flå kommune

Ordførar Tor Egil Buøen var instruktør i 4.klasse.  
Avslutning med rollespel på kommunehuset.

#### Hemsedal kommune

Ordførar Oddvar Grøthe var instruktør i 4.klasse både på Ulsåk skule og på Tuv oppvekstsenter. Avslutning med rollespel på kommunehuset.

**Gol kommune:**

Ordførar Hallvor Lilleslett var instruktør i 4A på Gol skule og varaordførar Hanne Brunborg var instruktør i 4B på Gol skule.  
Formannskapsmedlem Dag Wollebækk var instruktør i 4.klasse på Herad skule.  
Avslutning med rollespel på kommunehuset.

**Presentasjon av Ungt entreprenørskap og aktivitetar i Hallingdal**

Presentert UE for ordførarar, instruktørar og lærarar i VL.

Presentert UE for instruktørar og lærarar, ”Økonomi og karrievalg”

**KURSARRANGEMENT FOR LÆRARAR OG STUDENTAR**

**KURS FOR LÆRARSTUDENTAR**

Gjennomførte kurs i **Smart** for 45 lærarskulestudentar på høgskulen i Drammen den 28.mars.  
Studentane gjennomførte i neste omgang Smart med elevane sine under skuleovertaking.

**KURS FOR LÆRARAR**

Utarbeida nytt kurs for lærarar i samarbeid med Jeanette Wærsted.

Tema: arbeidslivsfag og dei nye valgfaga, med hovudvekt på «Produksjon av varer og tenester»

Heldt kurs for lærarar i Drammen 30.mai og på Flå den 1.6.

Kursdeltakarar frå alle kommunane i Hallingdal.

Svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane på begge kursa.

**ARBEID MED VEILEDERHEFTET til læreplan i «Produksjon av varer og tenester»**

Hausten 2011 var eg 1 av 4 som utarbeida læreplan i det nye valgfaget «Produksjon av varer og tenester».

I 2012 har eg saman med 2 andre hatt ansvar for å utarbeide «veilederhefte» til dette faget.

Dette har vore eit omfattande arbeid, med møteverksemeld i Oslo, utarbeiding av tekstar, redigering m.m. Lærerikt og nyttig for arbeidet i Ungt entreprenørskap. Ferdigstilt mai 2012, og lagt ut for bruk på UDIR sine side i august 2012.

**Sikk Sakk Europa**

Delteke i entreprenørskapsveke på vang skole, Ringerike.

6A og 6B gjennomførte Sikk Sakk Europa. Deltok i planlegging med lærarar og oppstart av programmet med elvane. Kontaktlærarane stod for gjennomføringa.

Gode tilbakemeldingar frå lærarane.

**Kommentar:**

Arbeidet med læreplan og veilederheftet har teke mykje tid, og dermed har nokre av dei planlagde aktivitetane blitt lagt på vent.

Bl.a. arbeidet med entreprenørskapsplan for Hol kommune og utprøving av Sikk Sakk Europa i Hallingdal. Men nye aktivitetar har komme til, bl.a. har vi fått utarbeida kurs i Arbeidslivsfag og dei nye valgfaga, noko som er etterspurt blant lærarane i ungdomsskulen. Her har Ungt entreprenørskap Buskerud vore i framkant.

I år hadde vi invitert til Elevbedriftsmesse på Hønefoss, men på grunn av liten påmelding blei denne avlyst.

Kjem til å tilby regionale elevbedriftsmesser for skular som tilbyr det nye valgfaget «produksjon av varer og tenester», evt. også for elevar med faget «Design og redesign». Ei slik messe vil vere ein god arena for bedriftene å vise seg fram og bli vurderte.

Geilo 1.august 2012

Erna Viken Holvik

Regionrådet i Hallingdal  
Torget 1  
3570 Ål

Drammen 22.09.13

## ENTREPRENØRSKAP I UTDANNINGEN I HALLINGDAL

Viser til statusrapport for arbeidet 19.08.13 og Erna Viken Holviks orientering i Regionrådet 30.08.13. Vi ønsker å fortsette arbeidet i en treårsperiode fra 01.08.13 og ser følgende arbeidsområder som viktig:

- Plan for entreprenørskap i grunnskolen i alle kommunene, der det er nedfelt hvilke aktiviteter som skal være på de ulike nivåene i barneskolen og ungdomsskolen.
- Forpliktende avtaler/partnerskapsavtaler og samarbeid med lokalt næringsliv bør knyttes opp mot dette.

Følgende aktiviteter er ønskelig å legge inn i kommunenes entreprenørskapsplaner:

- Vårt Lokalsamfunn - 4.trinn
- Smart - 6.-7.trinn
- Økonomi og karrierevalg - 8.trinn
- Jobbskygging/bli kjent med kommunen din - 8.trinn
- Innovation Camp/Elevbedrift i 9.-10. trinn
- Evt. Grundercamp med fokus på kortreist mat/lokale råvarer - 9.trinn
- Valgfagsmesse for 8.-10. trinn

Dette gjøres ved å videreføre/bygge på aktiviteter som er i gang.

## BUDSJETT FOR ARBEIDET I HALLINGDAL – PR. ÅR

### Kostnader

Lønn inkl. sosiale utgifter	kr. 315.000
Drift PC, telefon, kontorutgifter	kr. 25.000
<u>Kurs, arrangementer,administrasjon</u>	kr. 80.000
Totalt pr. år.	kr. 410.000

### Finansiering

Regionrådet for Hallingdalsregionen	kr. 205.000
<u>Ungt Entreprenørskap Buskerud</u>	kr. 205.000
<u>Sum finansiering</u>	kr. 410.000

Hisen

Erlend Eggen  
Daglig leder, UE Buskerud